



**Bjørnafjorden
landbrukskontor**

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Retningslinjer for
Spesielle miljøtiltak i jordbruket
Tiltak i beiteområde

Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes 2026 – 2030



Oppgangssag, Reksteren, Tysnes.

Foto: Linda Hovde Nordås (for Bjørnafjorden landbrukskontor)

Tilskotsnivå – Spesielle miljøtilskot i jordbruket

Søknadsfrist 1. april.

Tiltak	Maksimalt godkjent sats for kostnadsoverslag*	Maksimalt godkjent prosentsats	Maksimal godkjent tilskotssats
Generelt			
<i>Eige arbeid (inkl. motorsag o.l.)</i>	350 kr/time	**	**
<i>Eige arbeid med maskin og redskap</i>	800 kr/time	**	**
Planlegging- og tilretteleggingsprosjekt	Kostnadsoverslag	100 %	**
Biologisk mangfold	Kostnadsoverslag	80 %	**
<i>Beiterydding</i>	Kostnadsoverslag	70 %	3 000 kr/dekar
<i>Gjerde, ved rydding av kulturbeite***</i>	Kostnadsoverslag	50 %	200 kr/meter
<i>Digitalt gjerde (inntil ein klave per daa)</i>	Kostnadsoverslag	50 %	1 989 kr/stk
<i>Etablere eller restaurering av styvingstre</i>	Kostnadsoverslag	50%	**
Friluftsliv og tilgjenge	Kostnadsoverslag	50 %	**
Kulturminne og kulturmiljø	Kostnadsoverslag	50 %	**
Forureining	Kostnadsoverslag	50 %	**
Anna			
<i>Fjerning av piggtråd- og gamlegjerder</i>	Kostnadsoverslag	50 %	15 kr/meter
<i>Friareal gås</i>	Kostnadsoverslag	70 %	**

* Det kan fastsetjast ein lågare sats etter vurdering av tiltaket. ** Utbetalt tilskot og/eller prosentsats blir vurdert ut frå det enkelt tiltaket. *** Inkluderer både arbeid med oppsett og gjerdeknad.

Tilskotsnivå – Investeringsstilskot til tiltak i beiteområde

Søknadsfrist 15. Mars.

Tiltak	Maksimalt godkjent sats for kostnadsoverslag*	Maksimalt godkjent prosentsats	Maksimal godkjent tilskotssats
Generelt			
<i>Eige arbeid (inkl. motorsag o.l.)</i>	350 kr/time	**	**
<i>Eige arbeid med maskin og redskapar</i>	800 kr/time	**	**
Investeringsiltak	Kostnadsoverslag	50 %	**
<i>Elektronisk overvakningsutstyr</i>	Kostnadsoverslag	70 %	**
<i>Elektronisk gjerde</i>	Kostnadsoverslag	40%	**
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	Kostnadsoverslag	70 %	**

* Det kan fastsetjast ein lågare sats etter vurdering av tiltaket. ** Utbetalt tilskot og/eller prosentsats blir vurdert ut frå det enkelte tiltaket.

Innholdsfortegnelse

Tilskotsnivå – Spesielle miljøtilskot i jordbruket	1
Tilskotsnivå – Investeringsstilskot til tiltak i beiteområde	1
Bakgrunn	3
Prosess og lokal forankring.....	3
Landbruket i Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes.....	3
Generelt	5
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	6
Kven som kan søkje på ordninga	7
Målsettingar og tiltak for landbruket i Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes kommunar	7
Satsingsområde, prioriteringar og tilskotsnivå.....	13
Søknad.....	13
Handsaming av søknad	14
Utbetaling av tilskot	14
Arbeidsfrist	15
Andre tilskotsordningar for miljø, natur- og kulturminne	15
Investeringsstilskot til tiltak i beiteområde.....	16
Tiltak som kan søkjast om	17
Prioritering av tiltak og tilskotsnivå	18
Søknad.....	19
Handsaming av søknad	19
Utbetaling av tilskot	19
Arbeidsfrist	20
Andre tilskotsordningar for beiting og bruk av utmarka	20

Retningslinjer for Spesielle miljøtiltak i jordbruket og Tiltak i beiteområde for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes 2026–2030

Vår visjon:

«Eit driftig og miljøvenleg jordbruk kor vi vernar om kulturlandskapet og kulturverdiane i jordbruket gjennom aktiv bruk»

Bakgrunn

Bjørnafjorden kommune forvaltar ordningane for tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tilskot til Tiltak i beiteområde. Det skal utarbeidast eigne lokale retningslinjer for ordningane som skal fastsetje kva tiltak som vil bli prioriterte ut frå utvalde målsettingar og satsingsområde for kommunen, og ut frå kva som er formålstenlege tiltak for utmarksbeitinga i kommunen. Retningslinjene vil vere eit nyttig verktøy for kommunen i saksbehandling og forvaltning av midlar, og gje nyttig informasjon til Statsforvaltaren som skal fordele rammene.

Det har vore fleire rundar med rullering av «strategi» for SMIL-ordninga i våre tre kommunar, og ordninga er godt kjend for dei fleste av våre brukarar. Ordninga for tilskot til tiltak i beiteområde har opphavleg blitt handsama av Statsforvaltaren i Vestland, men vart 1. januar 2020 overført til kommunane. Dette er andre gong det blir etablert retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes. I forskrift og rundskriv for dei to ordningane er det påpeika at kommunane skal sjå desse i samanheng, med bakgrunn i at aktuelle tiltak kan falle inn under begge ordningane. Det skal vere enkelt for våre brukarar å finne fram og få ein oversikt over dei ulike ordningane, og Bjørnafjorden landbrukskontor har difor valt å lage eit felles dokument for dei to ordningane.

Prosess og lokal forankring

Bjørnafjorden landbrukskontor har utarbeidd eit utkast til nye retningslinjer. Retningslinjene har i februar 2026 vore på høyring hos det lokale Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, beitelaga i kommunane, kulturminneavdelingane i kommunane og Statsforvaltaren i Vestland. Relevante endringar og innspel er deretter innarbeidd frå dei aktuelle høyringspartane.

Landbruket i Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes

Kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes utgjer eit variert vestlandsk landskap med fjordar, fjell og skogkledde åsar. Jordbruksareala er samstundes avgrensa og ofte oppstykkja, med innmark i mindre teigar der terreng og naturgitte tilhøve opnar for drift. Topografien og klimaet i regionen gjer at området eignar seg best til grasproduksjon og beitedyr. Tradisjonelt har jordbruk vore ein viktig del av næringsgrunnlaget i desse kommunane, men dei siste 50 åra har talet på sjølvstendig drivne gardsbruk gått kraftig ned, i tråd med utviklinga elles på Vestlandet. I dag er det ofte nokre få jordbruksføretak som forvaltar større delar av landbruksarealet i kvar bygd.

Trass i omfattande produksjonstilskot er lønsemda låg, medan kostnadene for investeringar, driftsmidlar og arbeidskraft er høge. Dette gjer det vanskeleg for mange bønder å driva på heiltid, og i enkelte tilfelle vert jordbruksareal liggjande brakk når drift vert avvikla. Eit aktivt jordbruk er avgjerande for å ta vare på kulturlandskapet i regionen. Landbruket som ei biologisk næring er heilt

avhengig av areal i vid forstand for å kunna halda fram med verksemda si. Difor er det ein prioritet å nytta tilskotsordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) på ein måte som fremjar meir aktivitet på gardane og sikrar bruk av verdifulle jordbruksområde som står i fare for attgroing.

Utfordringar i vår region

- Attgroing:
 - o Areal er ein knapp ressurs, og det er viktig at vi opprettheld det arealet vi har i dag. Når driveplikta ikkje blir overhalden eller når drifta vert mindre intensiv, gror areal att. Areal som ikkje vert drifta i særleg grad får fort oppslag av lyssiv og anna kulturugras.
 - o Nye driftsmetodar, færre beitedyr og manglande skjøtsel gjer at det biologiske mangfaldet som er avhengig av kulturlandskapet vert redusert og at verdifulle naturtypar som slåttemark og naturbeitemark går tapt.
 - o Landskapselement som mellom anna åkerholmar, steingardar, rydningsrøyser og opne bekkelaup vert ofte ikkje ivareteke på grunn av krav til betre arrondering og effektiv drift.
- Arealbruk:
 - o Nedbygging og omdisponering av areal fører til press på jordbruksareal, særleg nær tettstadar. Over tid fører det til redusert matvareproduksjon og eit større avstand mellom forbrukarar og bonden.
- Ferdsel:
 - o Kulturlandskapet knytt til jordbruket er mykje nytta til rekreasjon og friluftsliv for den store folkesetnaden i kommunen.
 - o Auka ferdsel i kulturlandskapet kan føre til driftsulemper.
- Kulturminne og kulturmiljø:
 - o Som ei følge av endra behov vert mange gamle bygningar ikkje lenger nytta og står til nedfalls.
 - o Endra drift og bruk av landskapet fører til at gamle ferdselsårer og stiar står i fare for å forsvinne mange stadar.
- Klimaendringar:
 - o Auka temperatur, større nedbørmengder, meir overvatn, meir ekstremvær og mildare vintrar er døme på nye utfordringar som påverkar areal og avlingar som følge av klimaendringar.
 - o Eksempelvis førar dette til: hyppigare flaumepisodar, erosjon og utvasking av matjord, vassjuk jord med dårleg produksjon og ein får i større grad problem med jordpakking og køyreskadar i samband med såing, hausting og gjødsling.
- Forureining:
 - o Jordbruksjord som eit ope system vil alltid innebere ein risiko for uønskt tap av næringsstoff til omgjevnadene, noko som er særleg gjeldande i det våte vestlandsklimaet.
 - o Samstundes er det utfordringar knytt til lagerkapasitet for gjødsel og utslepp av gassane metan, lystgass og ammoniakk.
- Anna
 - o Gamle gjerde og piggtråd som ikkje vert halde ved like, utgjer ein fare for vilt og beitedyr. I tillegg er dei til hinder for ferdsel.
 - o Konflikt grunna skadar på dyrkamark forårsaka av gås.

Generelt

Tidsperiode

Retningslinene skal gjelde frå 2026 til og med 2030. Retningslinene skal som hovudregel rullerast kvart femte år.

Faste satsar

I brev om landbruksoppgåver i kommunane for 2026, datert 2. februar 2026, har Statsforvaltaren gitt rettleiande satsar for eigeninnsats. Landbrukskontoret har korrigert satsane i denne rulleringa for å samsvare med desse.

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l.): 350 kr/time
- Bruk av eigen traktor/gravemaskin: 800 kr/time

Utlysing av midlar

Utlysing av midlar vil skje gjennom kommunen si heimeside og gjennom årleg informasjonsbrev (per e-post) til alle som søker produksjonstilskot i dei tre kommunane.

Rapportering undervegs og omfordeling av midlar

Kommunen skal rapportere til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. november på følgjande punkt:

- Tildelingar per 1. november i fagsystemet.
- Tildelingar som vil bli gjort før 15. desember i fagsystemet.
- Restmidlar for året som kan omfordelast til andre kommunar.
- Eventuelle behov for tilleggsramme til ubehandla saker frå årets søknadsrunde.
- Behov for midlar komande år.

Levande dokument

Dersom det kjem nye statlege føringar, oppdaterte rundskriv eller endringar i lov/forskrifter, kan landbrukskontoret gjere endringar i retningslinene på kort varsel. Ved større regelverksendringar kan retningslinene takast opp til rullering tidlegare enn kvart femte år.



Gamal kultursti med behov for restaurering.

Foto: Linda Hovde Nordås (for Bjørnafjorden landbrukskontor).

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Søknadsfrist: 1. april.

Formålet med tilskotsordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsetjingar og strategiar.

Kva er SMIL

SMIL er ein del av det nasjonale miljøprogrammet for jordbruket. Det nasjonale miljøprogrammet har som mål å synleggjere den samla innsatsen jordbruket gjer for å styrkje miljøarbeidet.

Miljøprogrammet er delt i ein nasjonal og ein regional del. Den regionale delen er ordninga Regionalt miljøprogram, som skal setje i verk tiltak tilpassa kvart fylke.

Regionalt miljøtilskot (RMP) og tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er to verkemiddel innanfor det nasjonale miljøprogrammet i jordbruket.

- SMIL er ei kommunal ordning der kommunen får tildelt midlar for å støtte lokale miljøtiltak som går utover vanleg drift og tek tak i særskilde miljøutfordringar.
- RMP er ei regional ordning som ligg til Statsforvaltaren, som fastset tiltak og tilskotssatsar, medan kommunen handsamar søknadene.

Føretak kan søkje investeringsmidlar gjennom SMIL og årlege tilskot til drift, vedlikehald og skjøtsel gjennom RMP for aktuelle tiltak.

Gjeldande regelverk og overordna planer

- Forskrift 4. februar 2004 nr. 448 om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.
- Rundskriv 2021/18 Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket - kommentarer til regelverk.
- Rundskriv 2021/29 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) – saksbehandling.
- Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).
- Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.
- Nasjonalt miljøprogram.
- Regionalt miljøprogram for Vestland.
- Rettleiing til kommunar for utarbeiding av overordna retningslinjer. Februar 2024. Statsforvaltaren i Vestland.
- Årlig forventningsbrev fra Statsforvaltaren i Vestland.

I Vestland fylke er det sett som mål at dei overordna retningslinjene for spesielle miljøtiltak i jordbruket skal vere forankra i hovudmål, delmål og strategiane som er i Regionalt miljøprogram 2019–2022, kap. 4.1.

Tildelt ramme

Den økonomiske ramma som blir tildelt kommunane, er basert på informasjon frå dei lokale retningslinjene, forventa tal på søkjarar til ordninga, årlege variasjonar i behov, storleik på jordbruksareal i kommunen og tal på søkjarar av produksjonstilskot i den enkelte kommune. Det er Statsforvaltaren som tildeler årleg ramme.

	<i>Bjørnafjorden</i>	<i>Samnanger</i>	<i>Tysnes</i>
<i>Tildelt ramme frå SF</i>	535 000	100 000	330 000
<i>Endeleg fordeling 2025</i>	827 729	149 985	272 015
<i>Endeleg fordeling 2024</i>	1 090 800	30 399	222 820
<i>Endeleg fordeling 2023</i>	376 633	114 025	484 839

Tildelt ramme er relativt liten sett i forhold til søknadsmengda, og kommunen har måtte prioritere strengt mellom ulike tiltak. I 2024 var me heldige og fekk ei ekstra stor tildeling på slutten av året for Bjørnafjorden. Landbrukskontoret merkar seg at ramma er auka for Bjørnafjorden og Tysnes kommunar dei siste åra, og har blitt halde stabil i Samnanger kommune, og meiner dette er veldig positivt. Landbrukskontoret vil likevel fortsette å jobbe for ei auke i ramma så langt det søkjast på formålstenlege og målretta tiltak, der ramma ikkje strekk til.

Landbrukskontoret som interkommunal eining har moglegheit til å omfordele ramma internt mellom kommunane som er inkludert i det interkommunale samarbeidet. Dette betyr at landbrukskontoret har større moglegheit til å nytte midlane der dei er nødvendige det enkelte år. Ein kan ut frå erfaring sjå at det varierer årleg mellom kommunane kor det er størst behov. Nokre tiltak blir ikkje gjennomførte som planlagt. Midlar frå prosjekt som ikkje er gjennomførte, blir tilbakeførte 3–5 år etter tildeling og lagde tilbake i ramma det året dei kjem inn att. Dette kan føre til variasjon i den årlege ramma.

Kven som kan søkje på ordninga

- Føretak som er berettiga produksjonstilskot
- Eigarar av landbrukseigedommar der det føregår ein produksjon som er berettiga produksjonstilskot

Skal SMIL-tiltak utførast på leigd areal, må skriftleg godkjenning frå grunneigar leggjast ved søknaden. Tilskot gjeld for prosjekt/tiltak på landbrukseigedom, samt i område verna etter naturmangfaldlova og kulturminnelova.

For å søke må føretaket oppfylle krava i gjeldande gjødselbrukforskrift, inneha plantevernjournal om dette blir brukt, samt kart over eige og leid jordbruksareal som føretaket til kvar tid disponerer. Dokumentasjonen skal kunne fremvisast ved ein eventuell kontroll. Landbrukskontoret kan også be om slik dokumentasjon som vedlegg til søknaden.

Oppstart av prosjekt før vedtak

Kommunen skal ha vore på synfaring av prosjektet før tiltaket settast i gong. Synfaringar i samband med SMIL prosjekt gjennomførast hovudsakleg i månadane mars – oktober for det aktuelle søknadsåret.

Målsettingar og tiltak for landbruket i Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes kommunar
Hovudtema følger av rundskriv 2021/18.

Retningslinja set ikkje ei absolutt grense for kva det er råd å søkja om tilskot til, og miljøomgrepet innanfor SMIL er nokså vidt.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Mål: Oppnå ein meir heilskapleg og samordna miljøinnsats over større område gjennom fellestiltak. Heilskaplege prosjekt som kan ivareta miljøverdiar over større område, som til dømes eit vassdrag, eit dalføre eller ei grend.

Tiltak: Planlegging og prosjektering av tiltak nemnt under «Satsingsområde, prioriteringar og tilskotsnivå» i retningslinene for SMIL-ordninga i Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes kommunar.

Krav: Prosjekta skal føre fram til planar for konkrete SMIL-tiltak. Tiltak som kan få tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, må ha eit visst omfang og kompleksitet. For tiltak som omfattar fleire grunneigarar, må det sendast inn ein enkel avtale der alle deltakande grunneigarar har skrive under. Tiltak i vassdrag vil krevje søknad/avklaring om tiltak hos andre etatar (t.d. fylkeskommune, Statsforvaltaren, NVE, samt byggesakseininga).

Biologisk mangfald

Mål: Ta vare på og utvikle jordbruket sitt kulturlandskap, mellom anna for å unngå utfordringar knytt til attgroing av innmark, samstundes som ein tek vare på og betrar statusen til truga artar, leveområda deira og spreingsvegane i tilknytning til

Tiltak:

- Kartlegging av biologisk viktige areal.
- Istandsetjing av utvalde naturtypar (t.d. hole eiker, slåttemark og slåttemyr) eller truga naturtypar (t.d. naturbeitemark).
- Restaurering av gamle styvingstre eller førstegongsstyving/etablering av nye tre som på ein naturleg måte inngår i eit kulturlandskap med gamle styvingstre.
- Skjøtsel av gamal kulturmark gjennom fjerning av tre, brenning/fjerning av uønska artar som einer, bregner, tistel og lyssiv.
- Inngjerding av areal kan støttast når det vert gjennomført i samband med skjøtsel- eller ryddeprosjekt.
- Fellestiltak for fjerning av framande skadelege artar.
- Opning av lukka vassvegar m.m. (sjå avsnitt avrenning til vatn).

Krav: Med søknaden må ein leggja ved skjøtelsplan der dette er aktuelt. Restaurerte eller nyetablerte styvingstre skal kunne inngå i RMP-ordninga.

Kulturmarka skal ha lagt ubrukt over tid (minst 10 år). Ved skjøtsel eller rydding av areal for hausting (beiting/slått) er det ikkje krav om at arealet skal verte heilt snautt når tiltaket er gjennomført, men arealet skal bli så ope at minst 50 % av beitet vert dekt med kulturgras og beitetolande urter. Det vert sett som vilkår at området vert nytta til husdyrbeite i minimum 5 år etter at det er ferdig rydda.

Det er sett ei øvre grense for tilskotet "digitalt gjerde". Talet på omsøkte klavar skal ikkje overstige ein klave per dekar areal som skal skjøttast/ryddast.

Vedlagd utbetalingsanmodninga for tilskot til inngjerding (permanent/digital) må det liggje ved faktura eller kvittering over faktiske utgifter/investeringskostnad.

Tilfelle som ikkje fell inn under ordninga:

- Rydding og inngjerding av beite som mottek produksjonstilskot eller allereie er i drift, dersom område ikkje har spesielle verdiar.
- Etablering av beite på areal som ikkje klassifiserast som gamal kulturmark (t.d. skog eller utmark). Rydding av gamal kulturmark der det i dag står produksjonsskog.
- Areal som tidlegare har vore støtta gjennom SMIL-ordninga som ryddeprosjekt.
- Vedlikehald/erstatning av gamle gjerder.
- Frakt eller driftskostnader ved digitale gjerdeløysingar.

Andre tilskot:

Regionalt miljøtilskot: Slått av slåttemark, beiting av kystlynghei, brenning av kystlynghei, skjøtsel av truga naturtypar, skjøtsel av styvingstre og tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl.

Tiltak i beiteområde: Etablering av beite i utmark.

Friluftsliv og tilgjenge

Mål: Oppretthalde eit variert kulturlandskap, samstundes som ein legg til rette for ålmenta ved å styre ferdsla.

Tiltak: Tilskot til tilrettelegging for styrt ferdsel med skilt, rydding av stiar, sjølvlukande portar, oppsetting av gjerdeklyv og liknande. Leggje til rette for tilkomst til utmark og strandsoner.

Krav: Tilrettelegginga skal i hovudsak knytast til jordbruksområde og bør i prinsippet ikkje omfatte turveggar/stiar i skog. Når dette likevel er nødvendig for å oppnå gode heilskapsløysingar, kan det vere aktuelt å inkludere slike område. Gamle veggar/stiar kan òg knytast opp til kulturminne/kulturmiljø.

Kulturminne og kulturmiljø

Mål: Ivareta kulturminne og kulturlandskap som er synlege i jordbrukslandskapet.

T.d. bygningar på gardstun og i inn- og utmark, gamle veggar, bakkemurar og steingjerde. Gardstun, seteranlegg og naustmiljø, der kulturminne inngår i ein større heilskap eller samanheng.

Tiltak:

- Restaurering av steingjerde eller bakkemurar.
- Restaurering av automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537) og kulturmiljø som ligg i tilknytning til jordbrukslandskapet.
- Restaurering og vedlikehald av utvendig fasade på kulturhistorisk verdifulle bygningar i jordbrukslandskapet (t.d. naust, uteløe, potetkjellar, kvernhus).
- Prosjektering og tilstandsrapportar.

Krav: Tiltak knytt til automatisk freda kulturminne vil krevje avklaring med fylkeskommunen. Andre kulturhistoriske element vil krevje utale frå kulturminneininga hjå kommunen. Tiltaket må gjennomførast etter prinsippa som kulturminneforvaltninga legg til grunn, mellom anna:

- Bevare mest mogleg av kulturminnet sine opphavlege element eller kulturmiljøet sin eigenart og heilskap.

- Gjere så få endringar som mogleg – reparasjon framfor full utskifting.
- Bruke tradisjonelle, stadlege materialar, handverksteknikkar og fargar.
- Alle inngrep i automatisk freda kulturminne er i strid med lova, og restaurering eller skjøtsel må avklarast med regional kulturminnemyndigheit på førehand.

Andre tilskot:

Regionalt miljøtilskot: Skjøtsel av automatisk freda kulturminne og drift av seter.

Kulturminnefondet: Ein lågterskel statleg tilskotsordning for eigarar/forvaltarar av verneverdige kulturminne. Økonomisk støtte kan givast til bevaring av verneverdige kulturminne, som bygningar, bustader, båtar, hageanlegg og kulturlandskap. www.kulturminnefondet.no

Forureining

Avrenning til vatn

Mål: Redusere avrenning av næringsstoff og partiklar til vassdrag, mellom anna for å unngå at vassførekomstar i jordbruksdominerte område får dårlegare tilstand.

Tiltak:

- Sikring mot erosjon langs elve- og bekkekantar (til dømes steinsetting av utsette område).
- Tiltak for å samle opp avrenningsvatn frå veksthus.
- Gjenopning av lukka bekkar.
- Etablering av minst fire meter brei kantsone mot vassdrag (dette gjeld alle vassdrag, ikkje bere prioriterte vassdrag).
- Sikring mot flaumskadar og erosjon på jordbruksareal gjennom restaurering av øydelagde elveløp og gamle grøfter.
- Andre aktuelle tiltak som reduserer eller hindrar avrenning/tap av plantevernmiddel eller næringsstoff (til dømes frå uteløer, samlingsplassar for beitedyr eller rundballar).

Krav: Tiltak i vassdrag vil krevje søknad/avklaring hos andre etatar (t.d. fylkeskommune, Statsforvaltaren, NVE og byggesakseinga hjå kommunen). Søknadsskjema for fysiske tiltak i vassdrag finn ein mellom anna på infosida hos Statsforvaltaren: [Lenkje her](#).

Tiltak skal gjennomførast i perioden juni–september og tilpassast slik at sårbare periodar for egg og yngel i gyteområda ikkje blir påverka. Tiltak må ikkje etablere vandringshinder for fisk, verken for gytefisk eller utvandra smolt.

Merk: Normal drenering og grøf팅 kjem ikkje inn under SMIL-ordninga.

Utslepp til luft

Mål: Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket og utnytte næringsstoffa optimalt.

Tiltak:

- Dekke (tak) over eksisterande gjødsellager.
- Andre aktuelle tiltak som reduserer eller hindrar utslepp til luft.

Krav: Tilbod frå seljar på dekke til eksisterande gjødsellager skal sendast til kommunen saman med søknad. Ved utbetalingsanmodning(ar) skal faktura leggjast ved.

Andre tilskot:

Regionalt miljøtilskot: For prioriterte vassdrag ¹kan det søkjast om tilskot for å ha ei kantsone i eng langs vassdrag. Denne kantsonen må vere minst fire meter brei og skal ikkje gjødslast eller sprøytast i søknadsåret.

Spreiing av husdyrgjødsel om våren og i vekstsesongen (i prioriterte vassdrag), spreiiing av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging og spreiiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange (berre i kombinasjon med nedfelling/nedlegging).

Dreneringstilskot: Drenering/grøfting blir søkt om gjennom ei eiga statleg tilskotsordning der kommunen har vedtaksmynde.

Anna

Piggtråd- og gamle gjerde

Mål: Førebyggje og redusere fare for unødige påkjenningar og belastningar for vilt, husdyr og allmenta som ferdast i naturen.

Tiltak: Fjerne piggtråd- og gamle gjerder.

Krav: Vedlikehald og fjerning av gjerde som utgjer ein fare for andre, er i utgangspunktet ei lovpålagd oppgåve for grunneigar/gjerdeansvarleg og blir rekna som ein del av vanleg jordbruksdrift. I nokre tilfelle kan kommunen likevel vurdere tilskot til tiltaket. Tiltaket skal då utførast anten som dugnadsinnsats (fellestiltak), som ein del av eit skjøtsel-/ryddeprosjekt eller ved oppstart for nye drivarar.

Friareal gås

Grågåsa har fleire stader vorte eit betydeleg problem som skadegjerdar på dyrkamark, som følgje av aukande bestand. Eit av tiltaka i forvaltningsplanane for grågåsa i Bjørnafjorden og Tysnes er oppretting av friareal for gås.

Mål: Redusere konflikt og skadar på dyrkamark forårsaka av grågåsa i Bjørnafjorden og Tysnes. Styre beitinga til avgrensa og eigna areal gjennom etablering av friareal. Medverke til betre sameksistens mellom landbruk og viltforvaltning.

Landbrukskontoret vil ta initiativ til ei fagleg utgreiing av behovet for friareal for grågåsa i kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger. Føremålet er å få eit betre kunnskapsgrunnlag for kor mange slike område som kan vere naudsynt, kor dei bør plasserast og kva avstand det bør vere mellom dei. Analysen bør ta utgangspunkt i registrert førekomst av grågåsa i regionen, trekk- og beitemønster, samt dokumenterte eller opplevde skadar på jordbruksareal. Eit slikt faktabasert grunnlag vil gjere det mogleg å prioritere etablering av nye friareal på ein målretta måte.

Friområde for grågåsa er først og fremst eit miljøtiltak, og ikkje eit tiltak med mål om å auke avlingar. Målet er å redusere konfliktnivået mellom landbruk og vilt ved å legge til rette for at gåsa kan beite i

¹ <https://www.statsforvalteren.no/nm/vestland/landbruk-og-mat/skjult-side---landbruk/tilskot-til-kantsone-i-eng-gjeld-kantsoner-utan-gjodsling-og-sproytemiddel-langs-prioriterte-vassdrag/>

avgrensa og eigna område, framfor å bli jaga frå stad til stad. Samstundes kan slike område bidra til å ta vare på biologisk mangfald i jordbrukslandskapet. For at friareal skal vere attraktive for gåsa, må areala vere grønne, opne og godt drivne. Det kan difor vere aktuelt å gi tilskot til skjøtsel av slike areal. Sidan årleg skjøtsel normalt er unntaket innan SMIL-ordninga, må etablering av friareal for gås grunngjevast tydeleg som eit miljøtiltak med dokumentert effekt for naturmangfald og konfliktdepping.



Foto: Linda Hovde Nordås (for Bjørnafjorden landbrukskontor).



Gås som beiter i innmark, ofte i kombinasjon med vann og sjø.
Foto: Linda Hovde Nordås (for Bjørnafjorden landbrukskontor).

Satsingsområde, prioriteringar og tilskotsnivå

Satsingsområde

Vestlandet er kjent for sitt våte klima, og med dei pågåande klimaendringane kan nokre utfordringar auke ytterlegare. Avrenning til vatn vil difor vere eit særskilt prioritert satsingsområde for kommunen i denne perioden.

Det kan bli aktuelt å prioritere særskilde årlege tema innanfor ramma av strategien for bruken av SMIL-midla det enkelte året. Denne særskilde prioriteringa vil bli gjort i samarbeid med dei lokale faglagar og basert på prioriteringar signalisert frå fylkesnivå.

Prioritering av tiltak

I tilfelle der det kjem inn søknader som alle gjeld dei nemnde lokale målsetjingane og tiltaka, og der det samla søkte tilskotsbeløpet overstig tilskotsramma, må det gjerast prioriteringar mellom dei ulike søknadene:

1. Tiltak med høg verknadsgrad per tilskotskrone blir prioriterte.
2. Etablering av ny drift: Ny drivar av ein landbrukseigedom vil bli prioritert framfor andre søkjarar i ein oppstartsfase (tre år) for drifta. Kommunen ønskjer å stimulere til drift på gardsbruk og ser at oppstartfasen kan innebere store økonomiske investeringar.
3. Fellestiltak, dugnadsbaserte tiltak eller tiltak som kjem ålmenta til gode, blir prioriterte framfor enkelttiltak.

Generelt

Søknader frå føretak som søker produksjonstilskot blir prioriterte før søknader frå eigarar av landbrukseigedom som leiger bort jorda.

Ved restaurering vil bygningar som er særmerkte for regionen og sjeldne i tal bli prioriterte høgare enn andre bygningar.

Gammal kulturmark – Manuelt arbeid (inkludert bruk av motorsag o.l.) i bratt terreng blir prioritert over maskinelt arbeid og arbeid på flatare areal.

Tilskotsnivå

➤ Sjå tabell side to: [lenkje trykk her.](#)

Tilskotstak

Det settast eit tilskotstak for det enkelte tiltak til kr. 150 000. For særlege tilfelle kan ein vurdere et høgare tilskot, t.d. fellestiltak for å unngå avrenning til vatn eller gjenopning av lukka bekkar over eit lengre strekk (fleire eigendomar).

Moms

For føretak som er registrerte i momsregisteret, blir det ikkje gjeve tilskot for å dekke utgifter knytt til moms. For føretak som ikkje er registrerte i momsregisteret, kan utgifter knytt til moms inngå som ein del av kostnadsoverslaget for tiltaket.

Søknad

Landbruksdirektoratet har utarbeidd ei digital løysing for innsending av søknad, og det er obligatorisk for søkjar å bruke det digitale søknadsskjemaet. Søknadsskjemaet finn ein her: [direktelenkje trykk her.](#)

Søknadsfrist

Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger kommunar har søknadsfrist 1. april.

Søknadens innhald

Her er ein liten film som visar kva innhald og kordan du fyller ut det elektroniske skjema:

[Instruksjonsfilm for innhald.](#)

Kart: Det skal leggst ved kart som stadfester tiltaket. Vi tilrår å bruke Gardskart <https://gardskart.nibio.no/search> og opprette PDF som lastast opp. Kartet skal vise kjende tilhøve som kan bli påverka av tiltaket (for eksempel kulturminne, naturverdiar eller andre miljømessige tilhøve).

Skriftleg samtykke/godkjenning: Skal SMIL-tiltak utførast på leigd areal, må skriftleg godkjenning frå grunneigar leggst ved søknaden.

For tiltak som krev avklaring frå andre instansar, bør godkjenning/avklaring leggst ved søknaden for å unngå unødvendig opphald i saksbehandlinga. Til dømes fylkeskommune, Statsforvaltaren, NVE og byggesakseininga hjå kommunen.

Handsaming av søknad

SMIL-søknadene blir handsama etter forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket, naturmangfaldlova, kulturminnelova og gjeldande retningslinjer for Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger kommunar.

Sakssystemet Agros stengjer årleg mot slutten av året. I denne perioden kan ikkje saksbehandlarar registrere vedtak eller gjennomføre utbetalningar før systemet opnar igjen ved nyttår. Datoen for stenginga varierer frå år til år, men er som regel i løpet av desember.

Synfaring

I nokre tilfelle vil det vere behov for ei synfaring av tiltaket. Det er viktig at søker er med på synfaringa for å gje sakshandsamar eit ytterlegare inntrykk av kva som skal gjennomførast og korleis det skal gjennomførast.

Vedtak og vilkår

Søkar mottar eit skriftleg vedtak om avgjerda uansett utfall i saka.

Ved tildeling vil det i vedtaket bli sett vilkår som står i forhold til det enkelte tiltaket.

Vilkår som gjeld uavhengig av kva tiltak saka gjeld:

- Tiltaket det blir gitt tilskot til skal ikkje vere i strid med anna lovverk.
- Søkar skal kontakte kulturmyndigheitene for råd, i samband med tiltak som gjeld verna og verneverdige bygningar o.l.
- Der tiltak må avklarast/omsøkast hos andre instansar og dette ikkje er gjort på førehand (unntaksvis) vil det bli sett vilkår om at dette må vere gjennomført før igangsetting av tiltak. Avklaringar/godkjenningar frå andre instansar må i så tilfelle leggst ved utbetalingsanmodninga.

Utbetaling av tilskot

Delutbetaling

Føretak kan skriftleg søkje om å få utbetalt delar av tilskotsbeløpet, etter kvart som tilsvarande del av arbeidet er gjennomført. Det skal likevel stå igjen minst 25% av det løyvde tilskotsbeløpet til arbeidet er dokumentert og godkjent som slutført av kommunen.

Sluttutbetaling og rapportering

Når arbeidet er ferdig utført skal søkeren sende inn ein sluttrapport inkludert søknad om utbetaling av tilskot, eller det som står igjen etter delutbetaling(ane). Sluttrapporten skal minimum innehalde ei beskriving av resultatet av tiltaket og korleis det blei gjennomført. Det skal påførast eventuelle avvik frå den opphavlege søknaden og krava i vedtaksbrevet. Sluttrapporten skal også innehalde eit rekneskap for tiltaket, inkludert inntekter og utgifter, samt opplysningar om medfinansiering.

Rekneskapen skal kunne samanliknast med kostnadsoverslaget og finansieringsplanen som følgde søknaden.

Døme på dokumentasjon av tiltaket er: bilete (før og etter), oversikt over tidsbruk og kopiar av bilag. I mange saker vil landbrukskontoret gjennomføre ei sluttsynfaring av tiltaket.

Dersom dokumentasjonen viser at kostnaden for tiltaket er lågare enn det kostnadsoverslaget som blei brukt i utmåling av tilskotsbeløpet, blir utbetalinga tilsvarande lågare.

Arbeidsfrist

I vedtaket om tilskot blir det sett ein 3 års arbeidsfrist. Søkar får skriftleg orientering når arbeidsfristen nærmar seg. Etter skriftleg søknad kan arbeidsfristen bli forlenga med inntil 2 år. Søkar kan maksimalt få 5 år for å gjennomføre prosjektet.

Andre tilskotsordningar for miljø, natur- og kulturminne

SMIL er ikkje den einaste tilskotsordninga som retta seg mot miljø og natur- og kulturminne:

- Regionalt miljøprogram (RMP): Tilskot for å gjere miljøtiltak på eigen gard eller leigejord.
- Produksjonstilskot (PT): Areal- og kulturlandskapstilskot bidrar til å skjøtte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift. Støtte til dyr på inn- og/eller utmarksbeite.
- Kulturminnefondet: Andre statlege, regionale og kommunale tilskotsordningar til kulturminnetiltak finn ein oversikt over på kulturminnefondet sine sider:

<https://kulturminnefondet.no/>



Piggtrådgjerde fjernes i kombinasjon med beiterydding.
Foto: Linda Hovde Nordås (For Bjørnafjorden landbrukskontor).

Investeringsstilskot til tiltak i beiteområde

Søknadsfrist: 15. Mars

Formål med tilskotet

Tilskotet skal leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Gjeldande regelverk

- Forskrift 4. februar 2013 nr. 206 om tilskot til tiltak i beiteområde.
- Forskrift 3. oktober 2017 om endring i forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder
- Rundskriv 2019/45 Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder – kommentarer til regelverk.
- Rettleiing for tilskot til tiltak i beiteområder - forvaltningsansvar og saksbehandling (oppdatert 20.01.2021).
- Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova).
- Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova).
- Rettleiing til kommunar for utarbeiding av overordna retningslinjer – februar 2024 – Statsforvaltaren i Vestland.
- Årleg forventningsbrev frå Statsforvaltaren i Vestland.

Tildelt ramme

Den økonomiske ramme som blir tildelt kommunen, er basert på talet på dyr på utmarksbeite året før, kommunen sin årsrapport med innmeldt behov, føringar frå Landbruksdirektoratet og vurdering av kommunen si gjennomføringsevne for tiltak. Statsforvaltaren fordeler den årlege ramme.

År	Bjørnafjorden	Tysnes	Samnanger
2026	52 000	17 000	39 000
2025	35 000	15 000	35 000
2024	30 000	12 000	30 000

Tildelingane frå fylket har dei siste åra vore nokolunde stabile. Den tildelte ramme til kommunane er relativt liten samanlikna med dei omsøkte tiltaka og kostnadsoverslaga som er lagt til grunn. Ein av årsakene til dette er at beitelaga søker om elektronisk sporing, noko som er prioritert i ordninga. Kostnadene pr eining har auka monaleg dei siste åra. I tillegg ser ein større bruk av digitale gjerdeløysningar. Slike digitale gjerder har stor nytteverdi i vårt område for å nytta utmarka betre. Prisen på slikt utstyr har også hatt stor auke. Generelt er ordninga populær og beitelaga søker kvart år. Tildelingane har vore i tråd med ordninga sitt føremål, som er å leggje til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på beite og fremje fellestiltak i beiteområde.

Kven kan søkje på ordninga?

- Lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjellelag) registrerte i Einingsregisteret, som driv næringsmessig beitedrift (der dyra er minst 5 veker på beite) med beiteområde i Bjørnafjorden, Tysnes eller Samnanger kommune. Meir enn halvparten av medlemene i laget eller foreininga må ha rett til produksjonstilskot.

- Enkeltføretak (ENK) med beiteområde i Bjørnafjorden, Tysnes eller Samnanger kommune som har rett til produksjonstilskot. Enkeltføretak kan søkje dersom naturgitte eller driftsmessige forhold gjer at samarbeid (beitelag o.l.) ikkje er mogleg.

Det blir ikkje gjeve tilskot til investeringstiltak eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde som er leigd for ein periode kortare enn 10 år.

Oppstart av prosjekt

Kommunen skal motta og behandle søknaden før tiltaket blir påbegynt.

Tiltak som kan søkjast om

Faste installasjonar og utstyr

Sperregjerde	Sanke- og skilleanlegg	Saltsteinsautomatar
Ferister	Elektronisk overvakingsutstyr	Elektronisk gjerde
Bruer	Anlegg/rydding/ utbedring av drifteveggar	Transportrammer
Gjeterhytter	Rydding av gamle attgrodde beiteareal i utmark	Anna relevant utstyr

Planleggings- og tilretteleggingstiltak

Planlegging og prosjektering av faste installasjonar	Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan m.m.) for utmarksbeite
Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde	Vegetasjonskartlegging
Prosjektarbeid for auka beitebruk og meir effektiv utnytting av beite	Andre relevante prosjekt
Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk	

Vilkår knytt til det enkelte tiltak

Bruer dimensjonert for dyr og folk. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller andel tilskot reduserast tilsvarande.

Ferister- bør være av godkjent fabrikk eller bygd etter standardteikningar.

Sperregjerder for å sikre at dyr ikkje kjem over i farleg område. Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Sperregjerder kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jernbane, busetnad og jordbruksområder. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskot vert normalt ikkje løyvd til dette. Det vert heller ikkje gjeve tilskot til gjerde mellom innmark og utmark som kjem inn under Lov om grannegjerde.

Gjeterhytter/sankehytter: Kostnadsoverslag for gjeterhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m² med kvadratmeterpris som tilsvarer gjennomsnittlig kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.

Det kan ikkje løyvast nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot til elektronisk overvakingsutstyr.

Støttast ikkje

Lett omsettelege varer og mindre kostnadskrevjande tiltak får ikkje støtte.

Prioritering av tiltak og tilskotsnivå

Prioriterte tiltak

Tiltaksramma er avgrensa, og kommunen må derfor prioritere strengt kva midlane skal fordelast til. For perioden 2026-2030 vil kommunen prioritere tiltak som gjeld elektronisk overvakingsutstyr samt faste og mobile investeringstiltak.

1. Søknader frå beitelag som gjeld fellestiltak i beiteområder vil bli prioritert framfor søknader frå enkeltbrukarar som ikkje driv organisert beitebruk.
2. Tiltak som kan redusere tap av dyr på beite vert prioritert høgt.
3. Tiltak som bidreg til at ein tek i bruk utmarksområde som er attgrodd eller ikkje vert nytta i dag.
4. Tiltak som er naudsynte for å forhindre at aktive utmarksareal går ut av bruk, og tiltak som gjer det enklare å vidare nytte areal som er i bruk i dag.
5. Nye tiltak får høgare prioritet enn tiltak som tidlegare har fått tildelt midlar. Om det er mange søkjarar, vert nye søkjarar eller søkjarar som ikkje har fått tilskot på lenge, prioritert.
6. Mindre tiltak som beitelaga sjølv kan påkosta gjennom ordinære driftsmidlar vert prioritert lågare.

Kommunen kan bruka skjøn i prioriteringa av midlane etter ei samla vurdering. Dette kan handla om å prioritera utvalde tema i eit søknadsår, særskilde område eller om å prioritera dei tiltaka som vert vurdert å ha høgast nytteverdi i tilfelle kor det er svært mange søkjarar som må dela på få midlar. Om det blir søkt på meir midlar enn det vi har å fordele, kan søknader få avslag.

Når beitelag søker om fleire tiltak, må laget sjølv prioritere desse i søknaden ut frå kva som er viktigast i det aktuelle søknadsåret.

Kommunen skal etterstreve å oppnå eit tilskotsnivå på minimum 30 % for kvart enkelt tiltak som får støtte.

Beitelaga kan søkje om driftsstøtte gjennom Organisert beitebruk (OBB) og kan på denne måten dekkje kostnader knytt til ulike investeringstiltak sjølve.

Generelle vilkår

- Det kan ikkje søkjast tilskot til tiltak som allereie er starta opp.
- Det kan ikkje gjevast nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot til elektronisk overvakingsutstyr.
- For tilskot til faste installasjonar er det ein føresetnad at det er innhenta løyve eller avtale med grunneigarar eller andre som har rettar i det aktuelle beiteområdet og som kan verte påverka av tiltaket.
- Søkjar er pliktig til å undersøkje om tiltaket er søknadspliktig etter anna lovverk.

Tilskotsnivå

- Sjå tabell side to: [lenkje trykk her.](#)

Søknad

Søknad om tilskot skal sendast til kommunen der beiteområdet ligg. Landbruksdirektoratet har utarbeidd ei digital løysing for innsending av søknad. Søknadsskjemaet finn ein her: [direktelenkje trykk her](#).

Søknadsfrist

Søknadsfrist 15. mars.

Søknadens innhald

- Kostnadsoverslag:
Faste installasjonar – materialkostnader og arbeidskostnader (eige og leigd arbeid).
Elektronisk overvakingsutstyr – innkjøpspris.
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt – lønnsutgifter, kjøp av tenester m.m.
- Finansieringsplan.
- Skildring av behovet for tiltaket. Dersom søknaden omfattar fleire tiltak, må søkjar sette opp ei oversiktleg prioriteringsliste som omfattar alle tiltaka.
- Plan for tiltaket.
- Kartfesting. Det skal leggjast ved kart der tiltaket er kartfesta.

Handsaming av søknad

Søknadene blir behandla etter forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder, naturmangfoldlova og gjeldande retningslinjer for Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger kommuner.

Synfaring

Ved behov vil kommunen gjennomføre ei synfaring av omsøkte tiltak.

Prioritering

Etter at alle søknadene er gjennomgått, blir det gjort ei prioritering ut frå dei lokale retningslinjene. Tildelingsbrevet frå Statsforvaltaren det enkelte året er også førande, i form av fokusområder og total tildelt tilskotsramme for kommunen.

Vedtak og vilkår

Søkjar mottar eit skriftleg vedtak om avgjerda uansett utfall i saka. Ved tildeling vil det i vedtaket bli sett vilkår som står i forhold til det enkelte tiltaket.

Utbetaling av tilskot

Delutbetaling

Føretak kan skriftleg søkje om å få utbetalt delar av tilskotsbeløpet, etter kvart som tilsvarande del av arbeidet er gjennomført. Det skal likevel stå igjen minst 25 % av det løyvde tilskotsbeløpet til arbeidet er dokumentert og godkjent som slutført av kommunen.

Sluttutbetaling og rapportering

Når arbeidet er ferdig utført, skal søkjar sende inn ein sluttrapport inkludert søknad om utbetaling av tilskot, eller det som står igjen etter delutbetaling(ar). Sluttrapporten skal minimum innehalde ei beskriving av gjennomførte tiltak inkludert bilete, avvik frå søknad og vedtaksbrev, samt rekneskap for gjennomførte tiltak med oversikt over medgåtte kostnader og eigeninnsats.

Dersom dokumentasjonen viser at kostnaden for tiltaket er lågare enn det kostnadsoverslaget som vart nytta ved utmålinga av tilskotsbeløpet, vil utbetalinga bli tilsvarande lågare.

Arbeidsfrist

I vedtaket om tilskot blir det sett ei gjennomføringsfrist på inntil 3 år. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen med inntil 2 år. Søkar kan maksimalt få 5 år for å gjennomføre tiltak/prosjekt.

Andre tilskotsordningar for beiting og bruk av utmarka

Det er fleire tilskotsordningar utover tilskot til tiltak i beiteområde som skal fremje beiting og bruk av utmarka:

- Produksjonstilskot (PT): Støtte per beitedyr.
- Organisert beitebruk (OBB): Driftstilskot til beitelag.
- Forebyggjande og konfliktdepande tiltak (FKT): Midlar til tiltak i beiteområde der det er konflikt med rovdyr.



Foto: Linda Nordås (for Bjørnafjorden landbrukskontor)